

VALEN, Neri, f. 26. sept. 1893 på Valen i Bø, Telemark, av foreldre lensmann og gardbrukar Halvor V. (11. sept. 1849—10. april 1911) og Anne Ramse (15. jan. 1861—27. mars 1944). — Gift 20. nov. 1919 med Ingebjørg Vaa, f. 7. mai 1893, av foreldre skogeigar i Kviteseid Tor V. (23. aug. 1864—29. jan. 1928) og Anne Marie Roholdt (15. nov. 1866—16. mars 1947). — Gardbrukar.



Student Skien 1912, landbrukskand. frå Norges landbrukshøgskule 1915 og skogbrukskand. frå same skulen 1917. Rasjoneringsinspektør 1917—19 og etter den tid gardbrukar på farsgarden Valen i Bø. I åra 1929—30 var han attåt adm. direktør for Telemark Tømmermåling, skipa 1929. I 1919—20 gjorde han ei reis til De Forente Stater for å studera jordbrukstilhøve og var då ei tid ved universitetet i Madison, Wisc. — Medlem av Bø heradstyre 1920—31, ordførar 1923—25, varaordførar 1926—31, formann i Telemark Landbruksselskap frå 1919, formann i Kornrådet frå 1929 og i tilsynsutvalet for Omsetningsrådet 1933—36, representant i Selskapet for Norges Vel frå 1919, i direksjonen frå 1945.

Han har vori mykje med i det off. kommisjons- og komitearbeid og var med i nemnda om ein betre skipnad med omsetning av landbruksvaror av 1922, av skogkommisjonen av 1930, av nemnda om Landbrukshøgskulens verksemdar av 1931, formann i nemnda av 1933 om revisjon av lov om lånekassa for jordbrukarar, medlem av plannemnda for landbruksorganisasjonane av 1934 og av valordningsnemnda av 1935, og formann i jordlovnemnda av 1935 og i granskingsnemnda om jordbruks-tiltaka av 1939. — Han var i tilsynskommisjonen for Bratsbergbana i ei årrekke frå 1927. Varapresident i Stortinget 1937—48, president i Odelstinget frå 1939—45. Medlem av Venstres landsstyre frå 1930—45 og har vori formann i Venstres fylkesorganisasjon. — Som president i Odelstinget var han med i riksrådsforhandlingane med tyskerane sumaren og hausten 1940. Han sat på Grini frå 24. nov. 1943 til 20. mars 1944 og frå 21. mars 1944 til 8. mai 1945 i Berg interneringsleir.

[Representant for Telemark fylke 1931—33, 1934—36, 1937—45, overord. St. 1939. — Medlem av skog- og vassdragskomiteen alle år, nestformann 1934—45. Medlem av valgkt. 1937—45, av fullmaktskt. 1939—40, av spesialkt. om nøytralitetsvakt og forsyninger, overord. St. 1939.]